

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutval - Flora kommune

Utval: Kontrollutval - Flora kommune
Møtedato: 24.01.2013
Møtetid: 09:30
Stad: Møterom: Flora samfunnshus - Ytterøyane
Møtenr.: 1/2013
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet.

Melding til: Ordfører(møterett), revisor (møterett) og varamedlemer (Varamedlemer møter etter nærmare innkalling).


Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 976 15 363 eller på e-postadresse: post@sekom.no.

SAKLISTE

- 01/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.
- 02/13 Skriv og meldingar.
- 03/13 Møteplan 2013.
- 04/13 Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet.
- 05/13 Oppfølgingsliste 1-2013 Flora.
- 06/13 Eventuelt.

Flora, 17.01.2013.

Bjarne Holme (s)
Leiar



Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

001/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 17.01.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	24.01.2013	001/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

002/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 17.01.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	24.01.2013	002/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyre	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 01-13 Vedtak bystyresak 179/12 Val av ny vara til kontrollutvalet.
- SM 02-13 Vedtak bystyresak 172/12 Kontrollutvalet – budsjett 2013.
- SM 03-13 Vedtak bystyresak 168/12 Refererte skriv og meldingar.
- SM 04-13 Vedtak bystyresak 164/12 Sluttrapport prosjekt 75332- Eikefjord vassbehandlingsanlegg – straumaggregat – tak.
- SM 05-13 Epost frå Sekom sekretariat til Flora kommune om brev frå Fylkesmannen til Flora kommune om utbetaling av tilskot til private barnehagar, datert 17.01.2013.
- SM 06-13 Epost frå Fylkesmannen til Flora kommune om Private barnehagars Landsforbund – omgjere vedtak om tilskot til ikkje kommunale barnehagar
- SM 07-13 Brev frå Kryss revisjon til Flora kommune om avslutning av årsrekneskapen for år 2012.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SM 01-13



FLORA
KOMMUNE

Saksgang
Bystyret

Møtedato
13.12.2012

Saksnr
179/12

Sakshandsamar:
Ester Frøyen

Arkiv: K1-033
Objekt:

Arkivsaknr:
11/1449

VAL AV NY VARA TIL KONTROLLUTVALET

Kva saka gjeld:

Val av ny personleg vara til Kontrollutvalet.

I bystyremøte 04.12.2012 vart Sture Thorgaard,FRP vald som medlem i styret for Innvandrarsenteret og kan såleis ikkje være i kontrollutvalet. Thorgaard er personleg vara for Bjarne Holme i Kontrollutvalet

Det må veljast ny personleg vara for Bjarne Holme i Kontrollutvalet.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Sture Thorgaard,FRP går ut av vervet som personleg vara for Bjarne Holme,FRP i Kontrollutvalet.
Ny personleg vara i kontrollutvalet vert: _____

13.12.2012.BYSTYRET

Framlegg:

Framlegg frå Valnemnda v/leiar Bente Frøyen Steindal,AP:

Ny personleg vara i kontrollutvalet vert: John Arvid Svanøe.FRP.

Røysting:

Framlegget frå Valnemnda vart samrøystes vedteke.

BYST-179/12 VEDTAK:

Sture Thorgaard,FRP går ut av vervet som personleg vara for Bjarne Holme,FRP i Kontrollutvalet.
Ny personleg vara i kontrollutvalet vert: John Arvid Svanøe.FRP.

Terje Heggheim
rådmann

Ester Frøyen
møtesekretær



Saksgang	Møtedato	Saksnr
Bystyret	13.12.2011	147/11
Formannskapet	27.11.2012	113/12
Bystyret	13.12.2012	172/12

Sakshandsamar:
Linda Nipen-Asphjell

Arkiv: K1-150, KI-033 Arkivsaksnr
Objekt: .11/2003

KONTROLLUTVALET - BUDSJETT 2013

Kva saka gjeld:

Kontrollutvalet i Flora har i sak 063/12 tilrådd at budsjettet for kontroll og tilsyn vert spesifisert på egne tenestenummer for revisjon, sekretariat og drift av kontrollutval. Kontrollutvalet har og tilrådd at det skal vere høve til å ta ut perioderapportar i 2013, og at budsjett for drift av kontrollutval vert sett til kr 114 000 i 2013.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Teneste for Kontroll og tilsyn med spesifikasjon for revisjon, sekretariat og drift av kontrollutval vert vidareført i 2013.
2. Budsjett for drift av kontrollutval utgjer kr 114 000 i 2013.
3. Kontrollutvalet skal ha høve til å hente ut perioderapportar i 2013.

27.11.2012 FORMANNSKAPET

Røysting:

Etter framlegg frå Repr. Nødseth, H vart saka samrøystes teken til vitande og sender saka vidare til bystyret utan tilråding.

FORM-113/12 VEDTAK:

Saka vert teken til vitande og sendt bystyret utan tilråding.

13.12.2012 BYSTYRET

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

BYST-172/12 VEDTAK:

1. Teneste for Kontroll og tilsyn med spesifikasjon for revisjon, sekretariat og drift av kontrollutval-vert vidareført i 2013.
2. Budsjett for drift av kontrollutval utgjer kr 114 000 i 2013.
3. Kontrollutvalet skal ha høve til å hente ut perioderapportar i 2013.

Terje Heggheim
rådmann

Linda Nipen Asphjell
kommunalsjef økonomi

Innleiing:

Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 18 Budsjettbehandlingen:

”Kontrollutvalget utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Kontrollutvalgets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapet/kommunerådets eller fylkesutvalgets/fylkesrådets innstilling til kommunestyret eller fylkestinget. Der kommunen eller fylkeskommunen har en egen revisjon avgir revisjonen innstilling til kontrollutvalget om budsjett for revisjonen.”

Kontrollutvalet i Flora har i sak 063/12 tilrådd at budsjettet for kontroll og tilsyn vert spesifisert på egne tenestenummer for revisjon, sekretariat og drift av kontrollutval. Kontrollutvalet har og tilrådd bruttobudsjett kr 114 000 vedteke på artsnivå for drift av kontrollutval. Vidare har kontrollutvalet tilrådd at dei skal ha høve til å hente ut perioderapportar i 2013.

Vurdering:

Utgifter til Kryss-revisjon, Sekom-sekretariatet og kontrollutvalet vert rekneskapsført som eigne deltenester under gruppeteneste Kontroll og tilsyn. Denne praksisen er i tråd med tilrådinga frå Kontrollutvalet, og vert vidareført i 2013.

Økonomiske konsekvensar:

I rådmannen sitt utkast til budsjett 2013 er det sett av kr 114 000 til drift av Kontrollutvalet. Vidare er det i rådmannen sitt utkast til budsjett 2013 tatt høgde for at honorar til Kryss-revisjon aukar med kr 91 400 til kr 955 600. Honorar til Sekom-sekretariat må innarbeidast med kr 304 000, dvs. ein auke på kr 19 000.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner
Lov om kommuner og fylkeskommuner (Kommuneloven)

Prenta vedlegg:

Budsjett 2013; Kontrollutval

Budsjett 2013, SEKOM-sekretariat

Revisjonshonorar 2013, KRYSS-revisjon

Ordfører : Det er gitt munnleg svar, men skulle sikkert vore betre forankra.

Repr.Holme,FRP etterlyste sak om overordna analyse(pkt.8). Kvifor er det ikkje svara på denne planen?

Rådmann:Brev sendt 04.11.2012 om at svar på overordna analyse vert gitt innan utangen av 2012.
Repr.Jacob Nødseth,H; Spørsmål vedk. vandreareal på Omsorgsenteret. Kvifor er ikkje prosjektet komt lenger?

Rådmannen: Er i gang med prosjektering. Reknar med å være i gang med arbeidet på nyåret.

Repr.Bente Frøyen Steindal,AP: Kva skjer i kraftlinjesaka? Har ordfører vore i direkte kontakt med dept.?

Ordfører: Ikkje motteke skriftleg svar, men dette er på veg. Vi vil ikkje få møte med dept. om denne saka.

Røysting:

Refererte skriv og meldingar vart samrøystes tekne til etterretning slik dei låg føre.

BYST-168/12 VEDTAK:

Refererte skriv og meldingar vart samrøystes tekne til etterretning slik dei låg føre.



Saksgang	Møtedato	Saksnr
Prosjektkomiteen	26.09.2012	015/12
Kontrollutvalet	25.10.2012	071/12
Formannskapet	27.11.2012	108/12
Bystyret	04.12.2012	164/12

Sakshandsamar:
Hanne Anette Flugre

Arkiv: K2-M16, K3-&47 **Arkivsaknr**
12/1229

SLUTTRAPPORT PROSJEKT 75332 - EIKEFJORD VASSBEHANDLINGSANLEGG - STRAUMAGREGAT - TAK

Kva saka gjeld:
Rehabilitering av Eikefjord Vassbehandlingsanlegg.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Sluttrapport med rekneskap vert vedteke slik det ligg føre.
2. Prosjekt 75332 vert å oppfinansiere med kr.82.916,47 frå prosjekt 79545 Hovudplan vassforsyning.

26.09.2012 PROSJEKTKOMITEEN

Røysting:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

PRKO-015/12 VEDTAK:

1. Sluttrapport med rekneskap vert vedteke slik det ligg føre.
2. Prosjekt 75332 vert å oppfinansiere med kr.82.916,47 frå prosjekt 79545 Hovudplan vassforsyning.

27.11.2012 FORMANNSKAPET

Røysting:
Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

Vurdering:

Ved gjennomføring av tiltaket ville anlegget få ei oppjustering både bygnings- og brannteknisk samt at ein fekk ei forbetra driftssikring for vassforsyninga i forsyningsområdet. Bygninga ville dessutan få betre estetisk utsjånad i det gardstunet det grensar til.

Økonomiske konsekvensar:

Prosjektkomiteen vedtok i sak 039/04 den 20.07.2004, at prosjekt nr. 75332 "Eikefjord vassbehandlingsanlegg strømagregat og nytt tak", vart å finansiere over Handlingsplan for 2004, kap. 6.2, sjølvfinansierte tenester, fase 3, vassforsyning, med kr.410.000,-. Det vart og i Bystyret budsjett 2006 gitt tilleggsløyving på kr.50 000,- til aggregat.

Prosjektet er gjennomført med eit meirforbruk på kr.82 916,47. Meirforbruket skyldast leveransar/arbeid som ikkje var teken inn i konkuransgrunnlaget vedkommande oppdatering av ventilasjonsanlegg m/spjeldmotorar og kabling for nytt nødstrømagregat.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**Prenta vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
1	U	02.07.2012	Kryssrevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Sluttrapport Prosjekt 75332 - Eikefjord vassbehandlingsanlegg - strømagregat - tak	X
2	I	07.08.2012	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Førebels revisjonsuttale – sluttrapport/-rekneskap for prosjekt 75332 - Eikefjord vassbehandlingsanlegg - strømagregat – tak	X
5	I	25.10.2012	Kontrollutvalet	Sak 071/12 Prosjektrekneskap/sluttrapport prosjekt nr. 75332 – Eikefjord vassbehandlingsanlegg, strømaggregat, tak	X

Utskrift til:

- Sakshandsamar
- Kryssrevisjonen
- Kontrollutvalet

FORM-108/12 VEDTAK:

1. Sluttrapport med rekneskap vert vedteke slik det ligg føre.
2. Prosjekt 75332 vert å oppfinansiere med kr.82.916,47 frå prosjekt 79545 Hovudplan vassforsyning.

04.12.2012 BYSTYRET

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

BYST-164/12 VEDTAK:

1. Sluttrapport med rekneskap vert vedteke slik det ligg føre.
2. Prosjekt 75332 vert å oppfinansiere med kr.82.916,47 frå prosjekt 79545 Hovudplan vassforsyning.

Terje Heggheim
Rådmann

Reidulf Refsnes
Tenesteleiar

Innleiing:

I samsvar med plantiltak nr. 44 i Hovudplan for vassforsyning 2000-2011 starta ein etter mandat frå rådmannen i januar 2004 forprosjektering og detaljprosjektering for rehabilitering av vassbehandlingsbygninga samt tilrettelegging for montasje av nødstrømagregat.

Bygningsmessig arbeid:

Konkuranseform: Begrensa tilbudskonkuranse

Tilbudsforespørsel /dokument for dei bygningsmessige arbeida vart utsendt til 5 lokale entreprenørverksemder den 22.06.2004 med innleveringsfrist 12.07.2004. Det vart halde synfaring 30.06.2004 kl.14.00 i Eikefjord.

- Det kom inn tilbod frå 3 firma med sentral godkjenning for tiltaket.

Lukka tilbudsåpning vart halden umiddelbart etter fristen den 12.07.2004. Det vart vedteke i prosjektkomiteen sak 039/04 den 20.07.2004, at Fanevik Bygg A/S hadde det lågaste tilbodet og fekk kontrakt på dei bygningsmessige arbeida.

- Overtakelsesprotokoll på det bygmessige arbeidet vart signert 20.10.2004.

Nødstrømagregat:

Det vart sendt ut forespørsel i form av begrensa tilbudskonkuranse for leveranse av Nødstrømagregat til Eikefjord Vassbehandlingsanlegg til:

- Eikefjord Elektro AS
- Fokus Elektro AS
- NBN Elektro AS
- Sønnico Installasjon AS
- Siemens AS avd Sunnfjord
- Relacom AS

Det vart og ettersendt tilbudsforespørsel til Normatic Nordfjordeid AS den 24.08.2006 etter oppmoding frå Normatic AS.

Det kom inn 3 pristilbod innan innleveringsfristen som var 28.8.2006 kl.13.00. Desse var frå:

- Normatic AS
- Fokus Elektro AS
- NBN Elektro AS

Ved evaluering av tilboda vart det lagt vekt på fylgjande moment i ikkje prioritert rekkefylgje:

- 1) Tidlegare gjennomførte prosjekt, kundereferansar, soliditet etc.
- 2) Tilbudsum.
- 3) Byggetid frå anleggstart til ferdigstilling av komplett prosjekt.

Med henvisning til dei ikkje prioriterte momenta ovanfor og innkomne tilbod, fann ein at det samla sett var Normatic AS som hadde det beste tilbodet ut frå tilbudssum, referansar og leveringstid.

Vurderinga vart utført av prosjektleiar, kommunen sin fagansvarleg VA og kommunal elektriskar.

SM 05-13

Tveit Asgeir

Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 17. januar 2013 14:20
Til: 'Flora kommune (postmottak@flora.kommune.no)'
Kopi: 'Holme Bjarne (bjarne.holme@florafrp.no)'
Emne: Brev frå fylkesmannen til Flora kommune om utbetaling til private barnehagar

Vi har fått melding om at Flora kommune skal ha motteke eit brev frå Fylkesmannen om utbetaling av tilskot til private barnehagar. Vi har leita på postlista dykkar, men kan ikkje finne brevet. Kontrollutvalet ynskjer kopi av brevet, og vi ber om å få dette tilsendt så snart som mogeleg.

Med helsing

Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariatet

Fylkessekretariatet for miljøvern og naturvern i Akershus, Østfold, Hedmark, Vestfold, Telemark, Buskerud, Oppland, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Trøndelag og Nordland

e-post: asgeir.tveit@sekom.no

Heimeside: www.sekom.no

Postboks 338, 6802 FØRDE

Tlf: 57 82 22 90

Mob: 976 15 363

Twitter: @sgrtv

SM06-13

Fra: Rygg Berit Inger
Sendt: 16.01.2013
Til: *FMSF Postmottak til alle kommunar i fylket
Kopi: Cirotzki Bodhild Therese;Sæle Anne Marte
Emne: VS: Private barnehagers Landsforbund - omgjøre vedtak om tilskudd til ikkekommunale barnehager

Dette til orientering.

Venleg helsing

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Utdanningsavdelinga

Berit Rygg

Rådgjevar

Tlf 57 64 31 09

e-post: fmsfbry@fylkesmannen.no

Saksbehandler: Arve Bjørndahl

Vår dato:
02.01.2013
Deres dato:
19.12.2012Vår referanse:
2012/265
Deres referanse:

Private Barnehagers Landsforbund

Att. Hans-Are Nyheim

13/118
610
ARR. SU**Ytterligere presisering - Utdanningsdirektoratets artikkel publisert den 13.12.2012**

Utdanningsdirektoratet viser til henvendelse fra Private Barnehagers Landsforbund (PBL) av 19. desember 2012. PBL lurer på om kommunene kan omgjøre vedtak om tilskudd til ikke-kommunale barnehager til ugunst, på bakgrunn av direktoratets tolkningsuttalelser om telling av barn av 27. september 2012 og 13. desember 2012. Disse tolkningsuttalelsene er presiseringer av gjeldende rett.

Dersom kommunen vurderer omgjøring av utbetalingsvedtak til ikke-kommunale barnehager som følge av Utdanningsdirektoratets uttalelser nevnt ovenfor, skal kommunen vurdere om vilkårene etter forvaltningsloven § 35 er oppfylt. Vi gjør oppmerksom på at det er en særlig begrensning i § 35 første ledd bokstav a, ved omgjøring av vedtak til skade for den som vedtaket retter seg mot eller direkte tilgodeser. Dette gjelder både ved bruk av nasjonal sats og egne tilskuddssatser.

Vennlig hilsen


Einar Simonsen Plahter
avdelingsdirektør
Arve Bjørndahl
rådgiverKopi til:
Fylkesmennene**Postadresse:**
Postboks 9359 Grønland, 0135 OSLO
Besøksadresser:
Schweigaards gate 15 B, Oslo
Britveien 4, Molde
Parkgata 36, Hamar**Telefon:**
+47 23 30 12 00
Telefaks:
+47 23 30 12 99**E-post:**
post@utdanningsdirektoratet.no
Internett:
www.utdanningsdirektoratet.no
Org.nr.:
NO 970 018 131 MVA**Bankgiro:**
7694 05 10879
IBAN:
NO8876940510879
BIC/SWIFT
DNBANOKK

KRYSS REVISJON

KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Dagleg leiar/
Revisjonssjef:

Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27

terje.forde@kryssrevisjon.no
postmottak@kryssrevisjon.no

Bank:

3705 08 27845

Org. nr.:

987 608 064 MVA

Flora kommune
v/Rådmannen
6900 Flora

Arkivnr.:	13/149-1
Dato:	10 JAN 2013
Uttale:	
Saksnr.:	

Dykkar ref.:

Vår ref.:
Vårsavslutning2012/tv13

Arkivkode:
216

Journalnr.:
004 / 2013

Dokumentdato:
10. januar 2013

AVSLUTNING AV ÅRSREKNESKAPEN FOR ÅR 2012

Vi nærmar oss raskt fristen for rekneskapsavlegginga for 2012, 15. februar 2013, og i den samanheng vil revisjonen allereie no minne om at *kommunen* skal avlegge årsrekneskapsrapporten for år 2012 til *kommunerevisjonen* innan den frist som er sett i forskriftene § 10: dvs. innan den 15.02.13.

Vi ber om at årsrekneskapsrapporten vert *oversendt* KRYSS Revisjon så snart den ligg føre. Samband med oversending av den ferdigstilte årsrekneskapsrapporten ønskjer vi å innhente eigen uttale frå kommuneleiinga. Vi ber såleis om at det vert utferdiga ei eigen *fullstendighetserklæring* (eit eksempelbrev følgjer vedlagt her) der det vert bekrefta at rekneskapsrapporten er *endelig* avlagt, at den er *fullstendig og avstemt*, og at den *ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar*. I erklæringa til årsrekneskapsrapporten er det viktig at det blir gjeve opplysningar om andre vesentlege forhold som revisor bør ha med seg inn i det avsluttande revisjonsarbeidet for året. Vi viser til eksempelmalen på ei slik erklæring (vedlegg 1).

Revisjonen vil legge *mottaksdato* til grunn for eigen frist for oversending av revidert årsrekneskapsrapport til *Kontrollutvalet*, og vidare handsaming til *formannskapet* og *kommunestyret*.

Etter økonomibestemmelsane er periodiseringsfristen **31.12**. Vi minner her om at det er *anordningsprinsippet* som skal vere gjeldande, og i den samanheng viser vi også til at *bokføringslova* sine bestemmelsar no også eg gjeldande for kommunerekneskapsrapporten. Som ei hjelp i arbeidet med å etterleve *dokumentasjonskrava* i bokføringslova, og dei kommunale økonomibestemmelsar forøvrig, har vi laga til eit samandrag kring dette, og dette legg vi ved som vedlegg (vedlegg 2) til dette skriv.

Vi minner elles om dei krav som er stilt til kommunen si årsmelding/årsrapport (rekneskapsforskrifta § 10) og til dei notekrav som er stilt til rekneskapspresentasjon. Forskriftene sin frist for levering av årsmeldinga/årsrapporten for 2012 er **31. mars 2013**.

Revisor skal stille revisjonsberetninga si til kommunestyret/bystyret v/ordføraren. Kopi går til *Kontrollutvalet* som skal handsame årsrekneskapsrapporten og revisjonsberetninga og skal kome med *uttale, og/eller eventuelle desisjonsforslag*, til årsrekneskapsrapporten til kommunestyret/bystyret for formannskapet gjev si *innstilling* i rekneskapsrapporten.

Forskriftene stiller krav om at *formannskapet* si *innstilling* overfor kommunestyret må innehalde *framlegg til bruk av overskot eller dekningsmåte for inndekking av underskot*. Innstillinga bør også innehalde korleis meirforbruk i kapitaldelen (investeringsrekneskapsrapporten) skal finansierast/budsjettmessig inndekkast.

Regionskontor for kommunane:
Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora
Tlf: 57 75 60 97
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovedkontor/regionskontor for kommunane:
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6860 Førde
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf: 57 82 48 01
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf: 57 78 85 47
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

SM 07-13

Årsrekneskapen skal vere datert og underteikna av *rekneskapsansvarleg* og *administrasjonssjefen* (rådmannen), og *oppdragsansvarleg revisor* skal ved si påskrift referere til dato for tilhøyrande revisjonsmelding/-beretning.



Det kan oppstå situasjonar der administrasjonen sjølv eller revisor finn feil og manglar i den avlagde rekneskap, som ein i samråd med revisor velger å få retta opp. Dersom det av ulike årsaker blir føreteke endringar i rekneskapen etter at den er oversendt til revisor, skal det framleggast nytt rekneskap, med ny dato og nye underskrifter. Det må vere eit mål å ha minst mogleg med variantar av ein avlagd rekneskap, derfor bør det tilstrebast å ha ein mest mogleg korrekt, riktig og fullstendig rekneskap, med korrekte oversikter og rekneskapsutgreiingar når årsrekneskapen blir oversendt revisor.

Frå 2010 kom det endringar i revisjonsstandardene som gjer at revisor utformer ei revisjonsberetning til årsrekneskapen etter ein ny norm i forhold til tidlegare. Vi avgav revisjonsberetninga til årsrekneskapen for 2011 etter dei nye standardkrava og det same vil skje for 2012. Dette er økonomisjefane/rekneskapsjefane kjende med frå kurs; jfr. bl.a. økonominettverkssamlingane i regi av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Vi vil minne kommunane om at revisor etter det nye regelregimet no er forplikta til å skrive *negativ revisjonsberetning* pr. 15.04.12, dersom rekneskap og årsmelding/årsrapport ikkje ligg føre innan forskriftsfristane. Det er også strenge krav til dokumentasjon av balanseverdiane. Vi minner elles om at dokumentasjon på avstemd rekneskap også skal leggast fram for revisor. Vi ber derfor om at kommunen tilstreber å halde fristen for rekneskapsavlegginga og fristen for årsmeldinga.

Vi ser fram til eit konstruktivt samarbeid i det føreståande arbeidet med årsoppgjeret for 2012, og vonar administrasjonen legg opp rutiner som sikrar at økonomibestemmelsane, og dei fristar som er sett, skal kunne overhaldast.

Vi ønskjer administrasjonen lukke til med det føreståande rekneskapsarbeidet kring årsoppgjeret for 2012.

Florø den 10. januar 2013
Med helsing

Trine Vokuhl
Kommunerevisor I

Vedlegg:

Eksempel på *fullstendighetserklæring* til årsrekneskapen for 2012
Revisjonsnotat 05.01.12: '*Dokumentasjonskrav i bokføringslova*'

Kopi til: Ordførar
Økonomi v/Linda Asphjell og rekneskapsjef Ruth S. Sunde
Kontrollutvalet

Vedlegg nr. 1:**Eksempel/mal for fullstendighetserklæring til årsrekneskapen 2012**

Til

KRYSS Revisjon

Strandgt 43

6900 Flora

**FULLSTENDIGHETSERKLÆRING VEDK. FLORA KOMMUNE SIN
ÅRSREKNEKAP FOR 2012**

Vedlagt oversender vi endeleg, fullstendig og avstemt årsrekneskap m/vedlegg for kommunen for driftsåret 2012.

I tilknytning til kommunen si rekneskapsavlegging for 2012 bekrefter vi hermed følgjande, etter beste skjønn og overbevisning:

- Etter det vi kjenner til inneheld årsrekneskapen alle opplysningar om kjende økonomiske forpliktelser av betydning – både påløpne og betinga.
- Vi kjenner ikkje til at det ved utgangen av året ligg føre rettslege tvistar som kan medføre vesentlege forpliktelser for kommunen utover det som går fram av årsrekneskapen.
- Alle vesentlege garantiforpliktelser for kommunen ved utgangen av rekneskapsåret er medteke i oversikta over garantiforpliktelser pr. 31.12.
- Så langt administrasjonen kjenner til har kommunen eigedomsrett til alle eigendelar oppført i balansen. Eigendelane var i kommunen si varetekt pr. 31.12. og var ikkje stilla som sikkerheit utover det som går fram av årsrekneskapen.
- Vi kjenner ikkje til at kommunen har brote avtaler eller offentlege påbod på ein måte som kan påføre kommunen vesentlege økonomiske forpliktelser.
- Vi kjenner ikkje til at det er inntrufne hendingar etter utløpet av rekneskapsåret av vesentleg betydning for årsrekneskapen, utover det som fram går av dette.
- Vi har ikkje opplysningar om mislegheitar eller andre uregelmessigheiter av vesentleg betydning for årsrekneskapen som ikkje er kome til uttrykk i dette.
- Vi er kjende med vårt ansvar for å iverksette hensiktsmessige rekneskapsrutinar og kontrolltiltak for å forhindre og å avdekke mislegheiter og feil.
- Vi meiner at i den grad revisor har avdekka feil og manglar i årsrekneskapen som ikkje seinare er retta opp, dreier dette seg om forhold som både einskildvis og samla er uvesentlege for årsrekneskapen som heilheit. Vedlagt følgjer ei oppsummering av korleis slik ikkje-korrigert feilinformasjon virkar inn på årsrekneskapen.
- Vi har gjeve revisor opplysningar om alle viktige fakta vedkomande eventuelle mislegheiter eller mistankar om mislegheiter som kommuneleiinga er kjend med og som kan ha påverka kommunen.

- Vi har gjeve revisor opplysningar om resultat av våre vurderingar av risikoen for at rekneskapen kan innehalde vesentleg feilinformasjon som følgje av misligheiter.

((ta eventuelt inn andre aktuelle kulepunkt ved behov))

Eventuelle kommentarar til kulepunkta over (evt henvisningar til kommentarar i særskilt vedlegg); jfr. elles det som er nemnt i årsmeldinga/årsrapporten som vil følgje rekneskapsaka:

(Stad, dato)

(Administrasjonssjef/Rådmann) (Økonomiansvarleg/rekneskapsjef)

Vedlegg, Nr. 2

Revisjonsnotat 05.01.12;

Samandrag av 'Dokumentasjonskrav bokføringslova' – årsrekneskapen 2011

Lova § 11 – Dokumentasjon av balanse (gjeld generelt)

- ☞ Ved utarbeiding av årsrekneskap *skal* det ligge føre dokumentasjon for *alle balansepostar med mindre dei er ubetydelege*.

Forskrift om bokføring:

§ 6-1 Varelager – i all hovudsak ikkje aktuelt for kommunal sektor

§ 6-2 Dokumentasjon av *bankinnskot, lånegjeld, kontantar*, o.l.

- ☞ Det skal ligge føre oppgåve frå finanseringsinstitusjon (bank, mv.)

NB! Bruk årsoppgåvene til kommunen for fullstendighet!

(> FAU, Elevråd, Klassekonti, osv., vurder vesentlegheit ifht å ta inn mot bunde fond)

>Kontantkasser – opptald ved årets slutt, datert, signert og evt differanser forklart!

§ 6-3 Dokumentasjon av *finansielle instrument*

- ☞ Oppgåve frå VPS

§ 6-4 Dokumentasjon av *avsetningar*, nedskrivningar, mv.

- ☞ Skriftlegheit av vurderingar, berekningsmetodar og føresetnader.

Kunde- og leverandørreskontro:

- ☞ Aldersordelt saldoliste pr. 31.12.; verdi- og tapsvurdert – kva skal evt førast bort som tapt

Andre fordringar, kortsiktig gjeld og interimskonti

- ☞ Beløpa skal vere dokumentert med henvisning til bilag og det er ein fordel at vesentlege bilag er kopiert og lagt ved som dokumentasjon på bokført balanseverdi!

Anleggsmidlar (NB ! Ikkje krav om at inngåande fakturaer må leggest til eige arkiv), men:

- ☞ **Årets tilgang:** jfr. balansen skal vere dokumentert med **klar samanheng** frå

Balansen på avskrivingsgrupper; jf. § 8 – *Anleggsregisteret* med avskrivingsgrupper og funksjonar – til *Investeringsrekneskapet* på avskrivingsgrupper og funksjonar (som gjev bilagshenvisning)

>Sum investeringsutgifter = Sum aktiviering i balansen !!

- ☞ **Årets avgang** i balansen med klar samanheng frå balansen – anleggsregisteret – investeringsrekneskapen

>NB ! Nedskrivning utan salg framgår ikkje av investeringsrekneskapen, men skal dokumenterast med bilag

- ☞ **Avskrivningar;** jfr. anleggsmodul

>Påsjå at avskrivningar blir gjennomført korrekt (tilstrekkeleg avskrivningar, årets investeringar avskrivast normalt ikkje og då heller ikkje anskaffelsar over fleire år *før* ferdigstilt/teke i bruk**Omløpsaksjar skal nedskrivast; jfr. lavaste verdi's prinsipp, anleggsaksjar berre ved varig verdinedgang.****Hvis administrasjonen (rådmannen) meiner at verdipapirer bør (om-) klassifiserast som/til anleggsmidlar for å slippe årleg nedskrivning, husk då at :****Finansielle omløpsmidlar og – anleggsmidlar** (Forskjell/skilnad frå privat rekneskap !!!)

- ☞ Anleggsaksjar skal finansierast ved anskaffelsen (evnt. ved omklassifisering) !!! (NB!)

- ☞ Omløpsaksjar skal ikkje finansierast ved anskaffelsen !!!!

Vurdering av om aksjar er anleggsaksjar eller omløpsaksjar:

- ☞ Mest interessant ved anskaffelsen ifht finansiering
- ☞ Evt klassifisering av verdipapirer til anleggsmildar må:
 - >Finansierast fullt ut i investeringsrekneskapen utan bruk av lånemidlar og NB!!!:
 - >Salg av Anleggsmidlar er investeringsinntekt i fht gevinst ved salg av omløpsmidlar som vil vere driftsinntekter !!!

Bundne fondsmidlar:

- ☞ Skal vere dokumentert med bestemmelsen som gjer at midlane er bundne !
- ☞ All avsetning til og bruk av bundne fond skal vere dokumentert; dvs. at dette faktisk er korrekt at beløpet skal til/frå eit bunde fond
- ☞ Status pr. 31.12.:
 - >Skriftleg vurdering av om fondet faktisk er eit bunde fond pr. 31.12.
 - >Skal „bundne“ fondsmidlar returnerast til (tilskots-) gjevar eller omklassifiserast ?
 - >> Ta ein gjennomgang på dette slik at ein evt får rydda opp her !
(i dialog/kommunikasjon med revisjonen ? – revisjonen bør vere orientert)

Disposisjonsfond / Frie fondsmidlar:

- ☞ Er merka disposisjonsfond utgått; dvs. bør die tilbakeførast til generelt Disposisjonsfond ?
- ☞ Ubrukte midlar frå drifts- (års-) budsjettet 2011 kan ikkje automatisk avsetast til Disposisjonsfond med ‘merkelapp’ !
- ☞ Bruk av “merka” disposisjonsfond krev normalt budsjettvedtak; eventuelt delegert fullmakt frå Kommunestyret/Bystyret
 - >> Ta ein gjennomgang på dette slik at ein evt får gjort dette korrekt her !
(i dialog/kommunikasjon med revisjonen ? – revisjonen bør vere orientert)

Rekneskapsføring av avdrag på lån; jfr. KRS nr. 2, pkt. 3.2 og 3.3

- ☞ **Alle betalte avdrag** på lån skal som hovudregel utgiftsførast i driftsrekneskapen
 - >Ikkje lenger noko skiulle på ekstraordinære og ordinære avdrag ifht rekneskapsføring
- ☞ **Driftsrekneskapen skal minimum belastast** med avdragsutgift tilsvarande minimumsavdrag.
- ☞ **Avdrag;** ut over minimumsavdrag, **finansiert med investeringsinntekter** (ekskl. overføringar frå driftsrekneskapen og bruk av disposisjonsfond) **skal** rekneskapsførast (utgift) i investeringsrekneskapen
- ☞ **Refinansiering av lån; jfr. pkt. 3.5**
 - >Det er stilt krav om at innfriing av gamal gjeld (lån) og opptak av ny gjeld (refinansiering) har ein **samanheng**, samtidighet og må vere innafor same år !

Minimumsavdrag

KRS nr 3 inneheld ikkje reglar for korleis minste tillate avdrag (minimumsavdrag) skal bereknast, men KR D (Kommunal og Regionaldepartementet) har gjeve to metoder; jfr. svarbrev av 25.09.2007 frå KR D til NKRF (Norges Kommunerevisorforbund).

☞ **Kommunelova § 50, nr. 7**

- >Gjenstående løpetid for kommunane si samla gjeldsbyrde kan ikkje overstige den veide leveida for kommunen sine anleggsmidlar ved siste årsskifte.
- >Omfattar all langsiktig gjeld og alle anleggsmidlar (Jfr. KL § 50, nr. 1 og 2)
- ☞ **Kommunen må gjere greie for korleis kravet til minimumsavdrag er Etterlevd og dokumentere dette som vedlegg til rekneskapen.**
 - >Når det gjeld metodane, *forenkla modell* og *reknearkmodellen*, så vert det vist til KR D-brev av 25.09.2007.

003/13 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I FLORA 2013

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 17.01.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	24.01.2013	003/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Bystyret		-	-	

Saksvedlegg.

- Forslag til møteplan 2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Møteplan for kontrollutvalet i Flora for 2013 vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I FLORA 2013

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Møteplan for kontrollutvalet i Flora for 2013.

Saksopplysningar:

Forslag til møteplan er vedlagt.

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, for den langsiktige planlegginga sin del og for at kontrollutvalsmedlemene skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i 2013 i dei ulike kommunane. I planen for kvar kommune er det, under føresetnad av at det ikkje vert endringar i desse, teke omsyn til kva tid det skal vere bystyremøte. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for kva tid det skal vere møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem på og som hastar eller av andre årsaker. Møteinnkalling vil alltid bli sendt ut i førekant av møte, og hovudsakleg skal dette skje minst ei veke før møtet vert halde.

Sekretariatet sine vurderingar:

MØTEPLAMN FOR KONTROLLUTVAL FLORA KOMMUNE 2013

MÅNAD	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
KONTROLLUTVAL	24		1.	1.-26.	22.			30.	24.		29	
FORMANNSKAP	15.	26.	19.	9.	7.-28.	18.		27.	17.	18.-29.	26.	
BYSTYRE		5.		9.		4.-13.			17.		5.	3.-12.

004/13 ÅRSMELDING 2012 FRÅ KONTROLLUTVALET I FLORA

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 17.01.2013

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	24.01.2013	004/13	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Bystyre		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Framlegg til årsmelding 2012 frå kontrollutvalet

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Flora kommune vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL BYSTYRET:

Saksutgreiing

ÅRSMELDING 2012 FRÅ KONTROLLUTVALET I FLORA

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet til bystyret.

Saksopplysningar:

Årsmelding frå kontrollutvalet er vedlagt.

Årsmeldinga vert stila til bystyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet. Jfr. kml. § 77 pkt. 6 som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemmer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat for kontrollutvalet, oppgåvene til kontrollutvalet etter kommunelova §77 og forskrift til denne, omtale av saker som har blitt handsama og informasjon om arrangement kontrollutvalsmedlemene har delteke på.

Årsmeldinga skal vedtakast av bystyret.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

”utkast”

Flora bystyre

ÅRSMELDING 2012 FRÅ KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet til Flora kommune har i år 2012 vore sett saman slik:

Medlemer:

Bjarne Holme

Ingvar T Myrvollen

Björg Mikalsen

Eva Richter

Berit Hovland

Varamedlemer:

Sture Thorgaard

Einar Jacobsen

Gunn Jansen

Henning Ryland

Solbjörg Tonheim

SEKOM-sekretariat har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2012.

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne §-en er det laga eiga forskrift; ”Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar” av 15. juni 2004. Kontrollutvalet har som intensjon å utføre kontroll- og tilsynsarbeidet, som inneber å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltinga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, i samsvar med dette lovverket.

I 2012 har kontrollutvalet i Flora hatt åtte møte der det er handsama i alt 85 saker.

Kontrollutvalet tinga i 2010 forvaltningsrevisjonsprosjektet ”Sjølvkostberekningar – VAR-sektoren” Rapport for prosjektet vart levert i mai 2012. Kontrollutvalet gav tilråding til bystyret i saka. Kontrollutvalet har tinga overordna analyse frå Kryss revisjon. Denne skal vere grunnlag for utarbeiding av Plan for forvaltningsrevisjon. Overordna analyse er venta levert i byrjinga av 2013.

Kontrollutvalet har følgd opp bystyret sitt vedtak om rapport etter selskapskontroll i Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS. Kontrollutvalet har også gjeve tilråding til bystyret om plan for selskapskontroll i perioden 2012 - 2016.

Kontrollutvalet har også hatt oppe sak om nytt reglement for kontrollutvalet. Kontrollutvalet gav tilråding til bystyret i saka. Ein konsekvens av denne saka er at kontrollutvalsmøta no er vedtekne å gå for opne dører.

Kontrollutvalet har også hatt oppe sak om godtgjersle til folkevalde.

Kontrollutvalet har kalla inn rådmannen for å orientere i saker. Her nemnast:

- Strategiar og utfordringar.
- Skatteoppkrevjarfunksjonen.
- Fleire tilsettingstilhøve.
- Kjøp av bustad.
- Trafostasjon Nybømarka
- Avtalar Krokane bydelsutval og Flora kommune.
- Klagesak krafilina kv420 Fardal - Ørskog.
- Oppfølging av arbeidstidsbestemmelsar etter arbeidsretten sin dom av 15. mai 2008.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

- Reise for tilsette.
- Planar og tiltak mot mobbing i Floraskulane.
- Helsestasjonen
- Flora Ungdomsskule

Kontrollutvalet har også innført ordning med å ha enkelte møte ute i einingane. Kontrollutvalet har såleis halde eitt møte ved Helsestasjonen og eitt møte ved Flora ungdomsskule.

Kontrollutvalet har også kalla inn ordførar for å orientere om strategiar og utfordringar.

Nestleiar har orientert om fagkonferanse i Trondheim.

Kontrollutvalet har i 2011 kome med tilråding om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet. Som følge av måten sekretariat og revisjon er organisert, er det berre for drifta av kontrollutvalet det er gjeve tilråding om budsjett.

Kontrollutvalet har gjeve fråsegn til årsrekneskapen 2011 for Flora kommune, rekneskapen til fem kommunale føretak og rekneskapen til 8 investeringsprosjekt.

Revisor har regelmessig orientert kontrollutvalet om aktuelle saker i revisjonsarbeidet. Kontrollutvalet har handsama årleg sak om revisor sin ubundenskap.

Som faste saker på saklista har kontrollutvalet «Godkjenning av innkalling og sakliste», "Skriv og meldingar", "Oppfølgingsliste" og "Eventuelt".

Utover det som er omtalt ovanfor har kontrollutvalet handsama møteplan for kontrollutvalet 2012 og årsmelding 2011 frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet meiner at dei har gjennomført oppgåvene i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar når det gjeld tilsyn og kontroll med administrasjonen.

Kontrollutvalet har også gjennomført oppgåva med å sjå til at kommunen har ei tilfredsstillande revisjonsordning gjennom å følgje med på det arbeidet revisor leverer i form av rapportar og revisjonsmeldingar og dei orienteringar som er gjeve av revisjonen i møte.

Flora 24. januar 2013

Bjarne Holme
Leiar

Ingvar T Myrvollen

Berit Hovland

Björg Mikalsen

Eva Richter

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

005/13 OPPFØLGINGSLISTE 1-2013 FLORA

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 17.01.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval Formannskap Kommunestyre	17.01.2013	005/13 - -	- - -	Ja

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 1-2013 Flora.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 1-2013 Flora vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 1-2013 FLORA

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 17.01 2013.

Lista vil bli oppdatert fortløpande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Saker som kontrollutvalet ønskjer nærare utgreiing om eller undersøkt, kan takast opp i møtet for evt. oppføring på lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 1-2013 – Flora.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Flora kommune

I kontrollutvalsmøte 29.02.2008 vedtok kontrollutvalet at det fortløpande skulle hentast inn status i saker som det har handsama. Dette er andre statusrapport. Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
011/09 Tiltak - kontrollutvalsarbeid	31.03.09		31.03.09 Vedtak KU – gjennomfør. Orientering frå etatane, Orientering frå revisor Tilsynsrapportar Tertialrapportar Kvalitetsrapportar vedr Flora.
Sak 078/11 Overordna analyse.	08.12.11		08.12.11 Vedtak KU – Tinge hjå KRYSS. 26.10.12 Brev til Flora kom om å svare kryss 01.11.12 Svar frå Flora. 01.11.12 Svar vidare til kryss.
051/12 Forvaltningsrevisjonsrapport – Sjølvkostberekningar VAR-sektoren	23.05.12	Kommunestyret sine merknader til rapporten skal følgjast opp av kontrollutvalet	23.05.12 Tilråding til bst. 24.05.12 s. bst 04.09.12 Vedtak bst sak 123/12
060/12 Oppfølging bystyret sine merknader til rapport eigarskapskontroll Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS – Flora kommune – eigarskapsstrategi.	31.08		31.08.12 Vedtak KU – Kontrollutvalet ber rådmannen om ei skriftleg orientering om korleis ein ligg an i høve til å effektivere bystyret sitt vedtak i sak 030/12 Rapport om eigarskapskontroll – Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS – Flora kommune. 05.09 .12Brev frå sekom til Florar kommune. 12.10.12 Purring på svar på brev av 05.09.12 01.11.12 Svar frå kommunen om at arbeidet startar etter budsjettarb.
062/12 Eventuelt	31.08.12		31.08 Vedtak KU – -I samband med at kontrollutvalet legg fram årsmeldinga til bystyret, bør leiar for kontrollutvalet samstundes gje ei generell orientering om kontrollutvalet sine oppgåver og ansvar, som er utleia av § 77 i kommunelova med tilhøyrande forskrift.
71/12 Prosjektrekneskap Eikefjord Vasshandsamingsanlegg . straumaggregat – tak	25.10.12		25.10.12 Uttale til kst. 26.10.12 s. kst. 04.12.12 Vedtak bst 164/12.
73/12 Oppfølging av bystyret sine merknader til rapport etter eigarskapskontroll i Alarmsentraen Sogn og Fjordane IKS.	25.10.12		25.10.12 Vedtak KU – Kontrollutvalet tek info om at arb med eigarskapsmelding vil bli sett i gong straks etter at budsjettarbeidet er ferdig. 01.11.12 E-post frå Flora kommune som stadfestar info ovanfor.
76/12 Godkjenning av innkalling og sakliste	30.11.12		30.11.12 Vedtak KU – Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.
77/12 Skriv og meldingar	30.11.12		30.11.12 - Vedtak KU: - Det vert sett opp eiga sak på grunnlag av SM 53-12 og 55-12, jfr kml. §34. - Sekretariatet skal vurdere om det kan kuttast ned på mengda av papir som vert sendt ut i enkelte saker, jfr SM 51-12. - Resterande skriv og meldingar vert tekne til vitande.

78/12 Plan for selskapskontroll 2012-2016.	30.11.12		30.11.12 Tilråding til kst. 30.11.12 s/bst.
Oppfølgingsliste 8-2012 – Flora.	30.11.12		30.11.12 Vedtak KU – Oppfølgingsliste teke til vitande.
80/12 Eventuelt	30.11.12		30.11.12 Vedtak KU – Neste møte 24.01.13.
81/12 Prosjektrekneskap Trafikksikring	30.11.12		30.11.12 Tilråding til bst 30.11.12 s bst.
82/12 Prosjektrekneskap Veg til Botnastranda industriområde	30.11.12		30.11.12 Tilråding til bst 30.11.12 s bst.
83/12 Prosjektrekneskap – Skytebane teknisk anlegg.	30.11.12		30.11.12 Tilråding til bst 30.11.12 s bst.
84/12 Prosjektrekneskap Rehabilitering avl – leidningar.	30.11.12		30.11.12 Tilråding til bst 30.11.12 s bst.
85/12 Overordna analyse	30.11.12		30.11.12 Vedtak KU: - Leiar av kontrollutvalet vert beden om å melde til ordførar at kontrollutvalet vert forseinka når det gjeld utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon då rådmannen har meldt at svar på brev frå Kryss revisjon, som skal danne grunnlag for arbeid med overordna analyse, først vil føreliggje i desember 2012. - Kontrollutvalsleiar vert beden om å oppmode ordførar om at denne meldinga kjem med som skriv og melding til bystyret i desember 2012.

Oppdatert 17.01.13.

006/13 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 17.01.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	24.01.2013	006/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.